



Årsmøteprotokoll frå Hareid sokn

Årsmøtet vart halden i Hareid bedehus søndag 19. mars etter gudstenesta i Hareid kyrkje. Det møtte 45 personar. I forkant var det sal av brennsnut (100,-) og servering av kaker og kaffi. Det vart vist ei bilde-kavalkade frå Trusopplæringsarbeidet i 2016, Hareid Ten Sing song, og Ole-Markus Pilskog presenterte nytt arbeid blant barn og unge.

Desse sakene vart handsama på årsmøtet:

- 1 Konstituering av årsmøtet**
- 2 Årsmelding for Hareid sokn**
- 3 Førebels rekneskap 2016**
- 4 Budsjett 2017**

1 Konstituering av årsmøtet

Innkalling til årsmøtet vart annonsert i Vikebladet 3 veker før, og årsmøtedokumenta har vore tilgjengelige i kyrkja, på kyrkjekontoret og på nettsidene til Hareid sokn desse vekene.

Vedtak:

Gunmar Grimstad, leiar i soknerådet, vart vald til ordstyrar.

Jan Erik Hovland, kyrkjeverje, vart vald til referent.

Til å underskrive årsmøteprotokollen vart Marit Ø. Sæverud og André Gjerde vald.

2 Årsmelding 2016 for Hareid sokn

Årsmeldinga vart gjennomgått av soknerådsleiar. Statistikk vart presentert av kyrkjeverja.

Vedtak:

Årsmeldinga 2016 for Hareid sokn vart teken til vitande.

3 Førebels rekneskap 2016

Rekneskapen er ikkje gjort ferdig og revidert frå den kommunale rekneskapsfører. Førebels rekneskap vart presentert av kyrkjeverja.

Vedtak:

Førebels rekneskap 2016 vart teken til vitande.

4 Budsjett 2017

Budsjettet for 2017 vart presentert av kyrkjeverja.

Vedtak:

Budsjett 2017 vart teken til vitande.

Jan Erik Hovland
referent

Marit Øien Sæverud

André Gjerde